



Referat SU-møte tysdag 16.10.18 Kl. 18.00-20.00, Personalrommet på barneskulen.

SAMARBEIDSUTVALET:

Elevrepresentantar	Ingebjørg S. Skoe Tiril L. Ståland
Foreldrerepresentantar	Geir Halvor Haugen, Kevin Rue
Lærarrepresentant	Henriette Haug
Repr for andre tilsette	Veronica Sølyst
Kommunestyre repr	Hanne Norgaard, vara: Jarle Kittelsaa
Repr. skulen/kommunen	Ingunn Flatland

1. Godkjenning av innkallinga:
OK

2. Merknader til referatet frå 23.05.18:
Ingen merknader

3. Elevrådet orienterer om arbeidet sitt:

- Skal kjøpe sykkelstativ. Plass til 10 stativ. Konto: kr 15000.
- Framsida: Nye reglar på stikkballbanen, fordi det var litt mykje krangling. Det har blitt betre.
- Har snakka om kvifor vi har elevrådet. Elevråd er viktig, slika t elevane kan vere med å ta avgjerder.
- SOS-dagen 24.10.18. Sel lodd og bakar vaflar til heile skulen. Samlar inn pengar til dei 4 fadderbarna i India.

4. Tilbakemelding frå FAU-møte 02.10.18:

- Referat ligg på heimesida.
- Referat er sendt til ale heimar.

5. Kort om skuleåret (rektor)

Det er 192 elevar ved skulen.
Utviklingsarbeid:



Seljord barneskule

23.10.18

- **IKT i skulen:**
 - IPADANE er dela ut, og arbeidet er i gang.
 - Lærarane arbeider vidare med IKT-satsinga i fellestida måndagar kl.13.50-15.50.
 - Vi samarbeider med ATEA.
 - Vi held fram med kurset på iktplan.no. Det er Kjersti Bollerud som leiar oss gjennom arbeidet. Juni 2019 har vi gjennomført dei 4 modulane:
 1. Produksjon og opphavsrett
 2. Søk og kjeldevurdering
 3. Digital dømmekraft
 4. Kommunikasjon og samhandling
- **Inkluderande barnehage- og skulemiljø:**
 - Utviklingsarbeid regi av utdanningsdirektoratet.
 - Oppstart hausten 2018 og avslutning desember 2020.
 - Heile grunnskulen deltek.
 - Ressursperson i skulen 20%. Det same er tilfelle i barnehagen.
 - Målet er:

Kompetanseutviklinga skal styrke kompetansen til å skape og oppretthalde gode barnehage-og skulemiljø, førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar.
 - **Barnehagen:** Barnehagen skal ha høg kvalitet som fremjar trivsel, leik og læring.
 - **Skulen:** Elevane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø.
 - §9A- nulltoleranse mot mobbing:

Alle har rett til eit godt skulemiljø:

- ✓ Godt fysisk miljø
- ✓ Godt psykososialt miljø
- ✓ Godt læringsmiljø

➤

Aktivitetsplikt:

1. Plikt til å følgje med.
2. Plikt til å gripe inn.
3. Plikt til å varsle
4. Plikt til å undersøke.
5. Plikt til å iverksette tiltak og evaluere.

Pål Roland om mobbing:

- *Negative handlinger*
- *Makt avmakt*
- *Repeterende atferd*
- *Krenkelse er sterkt relatert til mobbing*

Adresse:
3840 SELJORD

Telefon:
35 05 13 30

Telefaks:
35 05 09 39



Seljord barneskule

23.10.18

- 26.10.18 skal assistentar og lærarar på felles kursdag i temaet.
- De får meir info på neste FAU-møte, og temaet er sak på foreldremøta til våren.

6. Trivselsreglane – godkjenning:

- Trivselsreglane vart godkjente.
- Trivselsreglane blir laminera og skal hengast opp i alle klasserom.
- Alle klasser går gjennom trivselsreglane

7. Budsjett 2019:

- Kommunen skal spare 2,5 mill. på budsjett2019. Dette innber at det må bli innsparingar ved skulen vår og.
- Rektor held leiar og nestleiar i FAU orientera.
Vidare:
 - 15. og 22.11.18: Formannskapsmøte
 - 13.12.18: Kommunestyret
 - Neste FAU møte: 06.11.18
 - Neste SU-møte: 12.11.18

8. Møteplanar:

- KFAU: 15.11.18
- FAU: 02.10.18+ 06.11.18-05.02.19-14.05.19
- SU: 16.10.18+ 12.11.18+ 06.02.19+ 15.05.19

9. Eventuelt:

Meldingar på mobilskole:

Lærarar sjekkar meldingar fram til kl. 08.00. Dersom du skal gje ein melding i løpet av skuledagen, er det best å ringe skulen.

Polenturen:

Innspelet til FAU:

- Tilbakemelding etter undersøkinga:
 - Om lag 2/3 ynskjer ein Polentur for elevane med :
 - ✓ ein lågare eigenandel.
 - ✓ 36 timar dugnad for foreldra over 3 år (pengane går til elevgruppa)
 - ✓ Støtte frå kommunen med 3500 pr elev.

Frå formannskapet 27.09.18:

**PS 68/18 Praktisering av gratisprinsippet i grunnskulen Seljord kommune
Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 27.09.2018**

Samrøystes vedteke.

Adresse:
3840 SELJORD

Telefon:
35 05 13 30

Telefaks:
35 05 09 39



Seljord barneskule

23.10.18

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 27.09.2018

Polentur for 10. klasse blir avvikla med verknad frå hausten 2020. Kommunen stiller inntil 100 000 kr (40 elevar x 2 500 kr) til disposisjon for tur/opplegg med 10. klasse der skulen organiserer og gjennomfører ein tur med fagleg og sosialt innhald i samsvar med gjeldande læreplanar, lov og forskrift. Skulen bør saman med foreldreutvalet og elevrådet vurdere formål, innhald og organisering av turen. Meirkostnad på om lag 20 000 kr må ungdomsskulen dekkje innanfor den økonomiske ramma til skulen.

Ein ber skulane og foreldreutvala i løpet av 2018/19 vurdere andre aktivitetar ved skulane og sikre at desse blir gjennomført etter intensjonen med gratisprinsippet i Opplæringslova. Det er viktig at elevråd og foreldreutval med jamne mellomrom drøftar praktisering av gratisprinsippet for å sikre god og rett praksis ved den enkelte skule.

- Korleis er skulemiljøet på USK?:
 - Leiar i FAU tek kontakt med FAU og rektor på USK, for å få info om status på USK.
 - Tilbakemelding neste FAU og SU-møte

Referat frå møtet blir lagt ut på heimesida og sendt til alle heimar.

17.10.18

Ingunn Flatland
rektor